



Helse- og omsorgsdepartementet

postboks 8011 Dep  
0030 OSLO

Saksnr	Løpenr.	Klassering	Avd / sakshandsamar	Dato
2013/979	9824/2013	F00/&13	SVEL/ ELK	24.10.2013

**SVAR PÅ HØYRINGSUTTALE - ENDRINGAR I KVALITETSFORSKRIFTA FOR  
HELSE- OG OMSORGSTENESTENE**

Hareid kommune har handsama HOD sitt forslag til endingar i Kvalitetsforskrifta for helse og omsorgstenestene.

Saksutgreiinga og formannskapet sitt vedtak vert med dette oversendt HOD pr e-post.

Med helsing

Elly Kirkeslett  
Kommunalsjef

Vedlegg:

Saksutgreiing , saksnr 2013/979 *Høyringsuttale om endringar i forskrifta om kvalitet i helse- og omsorgetenestene. Gjeld krav om lokalpolitisk handsaming.*  
Vedtak PS 137/13



**HAREID KOMMUNE**  
Sektor for velferd





## SAKSFRAMLEGG

Saksnr. 2013/979	Løpenr. 7456/2013	Klassering F00/&13
Sakshandsamar:	Elly Kirkeslett, Sektor for velferd	

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
	Levekårsutvalet	01.10.2013
	Formannskapet	14.10.2013

### HØYRINGSUTTALE OM ENDRINGAR I FORSKRIFTA OM KVALITET I HELSE- OG OMSORGSTENESTENE. GJELD KRAV OM LOKALPOLITISK HANDSAMING.

/ 2013/979

#### Tilråding frå rådmannen:

Hareid kommune rår sterkt ifrå at endringar i Kvalitetsforskrifta vil innebere at lokalpolitikarane skal godkjenne fagleg prosedyrar og retningslinjer då det kan svekke det helsefaglege ansvaret hjå tilsette og skape unødig byråkrati. Hareid kommune støttar ei endring som pålegg at lokalpolitikarane skal godkjenne kvalitetskrav og evt standard for omsorgstenestene.

*Utskrift til: sakshandsamar for ekspedering*

## Vedlegg:

Nr.	Namn	
1	Krav om lokalpolitisk behandling av kvalitetskrav i helse- og omsorgstenesta - Høyring	03.07.2013
2	Hoeringsnotat	03.07.2013

## Uprenta saksvedlegg:

### Samandrag av saka:

Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) har sendt til høyring endring av Forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstenestene – forskrift 27.juni 2003 nr 792. Høyringsfristen er sett til 25.10.2013.

Endringa vil innebere krav om lokalpolitisk handsaming av kvalitetskrav i delar av helse- og omsorgstenestene. Det gjeld Helse- og omsorgstenestelova § 3-2 punkt 5 og 6. I alle hovudsak vil det seie det som i dag er beskrive som «pleie- og omsorgstenester» i kvalitetsforskrifta.

I tillegg gjeld endringane formell ordlyd i tråd med Helse- og omsorgstenestelova.

Høyringsuttalen frå Hareid kommune har fokus på lokalpolitisk handsaming av kvalitetskrav. HOD legg vekt på at lokalpolitikarane skal delta i diskusjonar knytta til kvalitetskrav på lik line med leiarar og tilsette. Det er positivt at det vert forventta at politikarane skal få større innsikt i kvalitetskrav i høve forskrift i helse- og omsorgstenestene og korleis kommunane arbeider for å støtte desse krava. Derimot må vi unngå at politikarane skal godkjenne prosedyrer som er forankra i fagleg kompetanse og haldningar og verdiar. Dette vert for tungrodd og vil krevje store administrative ressursar. Hareid kommune vil sterkt rå frå at endringar i forskrifta vil innebere at politikarane skal godkjenne prosedyrer og faglege retningslinjer som ledd i kvaliteten i helse og omsorgstenestene. Politikarane må heller godkjenne standard for tenestene som er noko anna enn prosedyrer.

Ein støttar eit forslag som inneber politisk handsaming som sikrar at kommunane har eit IK- og kvalitetssystem som tek vare på kvalitetskrava i tråd med Forskrift om kvalitet i helse og omsorgstenestene.

### Saksopplysningar:

Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) har sendt til høyring endring av Forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstenestene – forskrift 27.juni 2003 nr 792.

Endringa vil innebere krav om lokalpolitisk handsaming av kvalitetskrav i delar av helse- og omsorgstenestene. Det gjeld Helse- og omsorgstenestelova § 3-2 punkt 5 og 6. I alle hovudsak vil det seie det som i dag er beskrive som «pleie- og omsorgstenester» i kvalitetsforskrifta.

Bakgrunn for forslaget er St.melding nr 25 (2005-2006) *Mestring, muligheter og mening*. Det vert her vist til at det er viktig at lokalpolitikarar deltek i diskusjonar og avgjerder knytt til kvalitetskrava. Vidare vert det vist til Prop om Lov om kommunale helse- og omsorgstenester, der det vart foreslått at departementet får tydeleg heimel for å krevje politisk handsaming av kvalitetskrav i kommunestyret eller anna folkevalt organ.

Forskrifta skal gi kommunen eit verkty til å stille krav til kommunale tenester og gjere tydeleg for brukarane kva forventningar dei skal ha til tenestene.

Sjølve kvalitetskrava i noverande forskrift vert ikkje endra. ( sjå vedlegg *Høyringsnotat* side 3 og 4.)

I høyringsnotatet vert det sagt at det er opp til kvar kommune å avgjere korleis plikta til å sikre politisk handsaming av kvalitetskrav vert oppfylt. Gjengir :«Konkret vil departementet derfor forslå at § 3 i någjeldende forskrift endres slik at det det fremgår at kommunen, «gjennom politisk behandling», skal etablere et system av prosedyrer for å sikre at tjenestetilbudet og tjenestenes innhold er i tråd med forskriftens krav.»

Forlaget om lokalpolitisk handsaming av kvalitetskrav skal gjelde berre for kommunen sine «pleie- og omsorgstjenester». Altså §3-2 punkt 5 og 6. Dette inneber at det ikkje gjeld blant anna helsestasjon og miljøretta helsevern.

### **Vurdering og konklusjon:**

Det er positivt at det vert sett fokus på Kvalitetsforskrifta ved at kommunalt politisk nivå skal involverast i større grad enn i dag. Dette vil kunne gi politikarane ei større innsikt i omsorgstenestene og dei krav tilsette har i sin arbeidskvardag til å yte gode nok tenester. Den administrative leiinga forventer ei auka innsikt og ansvarleggjering frå politisk hald. Brukarane kan i større grad rette sine forventningar også til lokalpolitikarane.

Det er noko utydeleg om HOD ved denne endringa meiner at lokalpolitikarane skal godkjenne fagleg prosedyrar og retningslinjer. Viss det er det som er meint, er det etter rådmannen si vurdering å gå alt for langt inn i dei fagleg vurderingane. Dei færraste politikarar har bakgrunn for å kunne godkjenne ei sjukepleie- eller medisinsk fagleg prosedyre. Eit eksempel frå forskrifta er der ei prosedyre skal sikre «*nødvendig medisinsk undersøkelse og behandling, rehabilitering, pleie og omsorg tilpasset den enkeltes tilstand*». Prosedyrer er særleg for handlingar som gjentek seg ofte og det er ein klar standar for utføring av handlinga. Det er likevel ikkje mogleg å definere kvalitet i tenestene berre gjennom prosedyrer. Her kjem blant anna og inn økonomi og personalressurs, kompetansenivå og etikk. Politikarane må heller godkjenne standard på tenester. Til dømes kor ofte kan ein tenestemottakar som vert vurdert å ha behov for heimehjelp, pårekne å få heimehjelp og kor mange timar pr mnd.

Ikkje alle punkt i forskrifta eignar seg til utarbeiding av prosedyrer. Det er forventa at tilsette sine faglege kvalifikasjonar, utdanning, opplæring og erfaring, skal og må ivareta mykje av det som står i §3 i forskrifta ( oppgåver og innhald i tenestene).

Om politikarane skal godkjenne prosedyrer vil det skape mykje byråkrati. Hareid kommune har ikkje eiga stilling som ivaretek internkontroll (IK) og kvalitetsarbeid. Dette vert gjort som del av jobben på ulike nivå. Det er ikkje mogleg å lage lokale prosedyrer for alt som «kan komme til å skje». Utarbeiding og innhald i prosedyrer må uansett ta utgangspunkt i sjukepleie- og medisinskfaglege vurderingar.

Kommunalsjefen har ansvar for at det finns eit IK- og kvalitetssystem, medan nivå under har ansvar for å praktisere dette. Etter tilsyn frå Fylkesmannen i 2011/2012 har sektor for velferd eit system som er implementert. Første systemkontroll er gjennomført. Resultatet vil vert lagt fram for Levekårsutvalet.

Hareid kommune vi ver best tent med eit system der politikarane får rapportar om korleis sektor for velferd oppfyller kvalitetskrava, tallmateriale og alvorlegheitsgrad på avvik og uønska hendingar.

Rådmannen vil sterkt frårå at HOD pålegg kommunane auke byråkrati og ansvar på feil nivå. Men rådmannen støttar at forskrifta stiller krav til at lokalpolitisk nivå skal handsame kvalitetskrav i pleie- og omsorgstenestene.

**Økonomiske konsekvensar:** viss forslag til endring i Kvalitetsforskrifta vert ståande uendra innber dette behov for ei stilling som kvalitetsansvarleg.

Hareid, 13.09.2013

Bent Arild Grytten  
rådmann

Elly Kirkeslett  
kommunalsjef





## MELDING OM VEDTAK

frå  
møte i FSK 14.10.2013

Saksnr 2013/979	Løpenr. 9544/2013	Klassering F00	Avd / sakshandsamar SVEL/ ELK	Dato 16.10.2013
--------------------	----------------------	-------------------	----------------------------------	--------------------

**PS 137/13 Høringsuttale om endringer i forskrifta om kvalitet i helse- og omsorgstenestene. Gjeld krav om lokalpolitisk handsaming**

**Formannskapet si handsaming:**

**Røysting:**  
Samrøystes

**Vedtak:**

Hareid kommune rår sterkt ifrå at endringer i Kvalitetsforskrifta vil innebære at lokalpolitikarane skal godkjenne fagleg prosedyrar og retningsliner då det kan svekke det helsefaglege ansvaret hjå tilsette og skape unødig byråkrati. Hareid kommune støttar ei endring som pålegg at lokalpolitikarane skal godkjenne kvalitetskrav og evt standard for omsorgstenestene.

Hareid, 16.10.2013

Retts utskrift:

Anne-Karete Mork  
Utvalsekretær

*Utskrift sendt: sakshandsamar for ekspedering*



